



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 25.09.2017  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 18.09.17

Idar Tarberg  
leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 48/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 49/17	Protokoll frå førre møte.
PS 50/17	Delegerte saker
PS 51/17	Referatsaker
PS 52/17	Olav Kåre Hildre 38/136 - Tiltak garasje og tilbygg - Dispensasjon frå LNF-formål
PS 53/17	Tertialrapport per 01.09.17.
PS 54/17	Dag Ivar Myrene 76/92 - avslag på dispensasjonssøknad - klagehandsaming

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 175/17 Terje Skorpen - 62/49 - Garasje/bod
- DS 176/17 Ferdigattest bruksendring/leilegheit - 34/221
- DS 177/17 Christian Voldnes 56/54 - Avvisning av søknad
- DS 178/17 Ferdigattest - sjøbud/næringsbygg 25/96
- DS 179/17 Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Mellombels bruksløyve leil 1 og leil 2
- DS 180/17 Jørn Tore Jøsokbakke - 83/104 - Tilbygg
- DS 181/17 Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Midlertidig bruksløyve hovudleiligheit
- DS 182/17 Håvard Årsheim - 36/15 - Garasje
- DS 183/17 Trond Aasen 38/112 - Løyve til fasadeendring - Dispensasjon frå plankrav
- DS 184/17 Kjartan Berge 29/4 rehabilitering skorstein
- DS 185/17 Kim Bertheussen Jelle - 60/86 - Tilbygg/veranda
- DS 186/17 Mellombels bruksløyve - lagerbygg med kontordel - 55/48+68
- DS 187/17 North-West eiendom as - 55/28 -midlertidig dispensasjon frå arealføremålet - bruksendring av 3 og 4 etg med varigheit på 10 år
- DS 188/17 Ferdigattest - 4/332 - gravplass/p-plass
- DS 189/17 Åse Karin Skogen Hauge - 79/135 - Riving løde og gammalt hus
- DS 190/17 Janne Remøy Endresen 12/63 Tiltak utviding altan, ny kjellarleilighet - Løyve til tiltak
- DS 191/17 Myrvåg forsamlingshus 46/10 Riving - Løyve til tiltak
- DS 192/17 Herøy kommune 37/ Tiltak VA-anlegg - Ferdisattest
- DS 193/17 Herøy Vasslag AS - tiltak vassleidning og straumrør - Løyve til tiltak
- DS 194/17 Herøy Vasslag AS 17/1-5 og17/11-14, tiltak vassleidning og straumrør - Ferdigattest
- DS 195/17 Silje Oksholen Gjelseth og Børge Gjelseth 21/35 Naust - Løyve til tiltak

DS 196/17	Audun Leine Høydal 12/4 Løyve til tiltak rehabilitering skorsteinspipe
DS 197/17	Ludvik Hjelmeseth 31/71 Løyve til tiltak
DS 198/17	Prosteel AS - Midlertidig bruksløyve
DS 199/17	Kjeldsund ungdomssenter NMS 44/8 - Løyve til tiltak
DS 200/17	Ko&Ko AS 23/46 Igangsettingsløyve til og med råbygg
DS 201/17	Frode Sævik 37/39 - Igangsettingsløyve grunnarbeid
DS 202/17	Tor-Arne Moltubakk 60/123 - Løyve til tiltak
DS 203/17	Vera Leikanger Urban 79/28 - Løyve til tiltak
DS 204/17	Hilde Marie Brungot gnr. 55 bnr. 3 Frådeling av nausttomt og bustadareal
DS 205/17	Per- Svenning Leine gnr. 26 bnr. 3 - Frådeling av tomt til formål - felles hageareal.
DS 206/17	Gnr. 30 bnr. 105 Frådeling av 2 bustadareal
DS 207/17	Budaneset Hytteforening gnr. 76 bnr. 144 Frådeling av tilleggsareal til bnr. 114
DS 208/17	Oddveig Sellereite gnr. 44 bnr. 122 Frådeling av fritidstomt
DS 209/17	Terje Voldsund 13/17 - Løyve til tiltak
DS 210/17	Margareth og Odd Arve Jensen. 17/1. Ferdigattest
DS 211/17	Dag Ivar Myrene 76/92 - Avslag på dispensasjonssøknad
DS 212/17	Herøy kommune 34/121 Løyve til tiltak
DS 213/17	Prosjektbygg AS 45/142 Dispensasjon på antal etasjer og gesimshøgd
DS 214/17	Odd-Arne Mikkelsen 40/29 - Løyve til tiltak
DS 215/17	Moltu bedehus 60/454 - Løyve til tiltak
DS 216/17	Prosjektbygg AS 33/51 tiltak bustadbygg 3 og 4 etasjer - Løyve til tiltak
DS 217/17	Ko&Ko AS 23/46 Kontor og lagerbygg - Rammeløyve
DS 218/17	Fredrik S. Fredriksen 23/15 - Ferdigattest riving
DS 219/17	Fredrik S. Fredriksen 23/15 - Løyve til

tiltak

- DS 220/17 Elling Magne Woldsund 26/19 - Pålegg om retting og varsel om ilegging av tvangsmulkt
- DS 221/17 Myrvåg forsamlingshus 46/10 Ferdigattest riving
- DS 222/17 Åse Sævik/Kåre P. Sævik 31/91 31/92 - Løyve til tiltak
- DS 223/17 Gisle Rafteseth gnr. 56 bnr. 2 Frådeling av tilleggsarel til bnr. 23

## **Referatsaker**

- RS 17/17 Utsending av særutskrift frå slutthandsaming av trafikktryggingsplan.
- RS 18/17 Hugo Brathaug gnr. 60 bnr. 64 - frådeling av tilleggsareal til gnr. 60 bnr. 52
- RS 19/17 F-sak 111/17 Mindre vesentleg reguleringsendring, Røyra 2.
- RS 20/17 Gnr. 38 bnr. 3 - Frådeling av tilleggsareal til gnr. 38 bnr. 5
- RS 21/17 Regulering av vannscooter - oppfordring fra Norsk ornitologisk forening
- RS 22/17 VS: Regulering til vannsportaktivitet
- RS 23/17 Vannscooter - hva nå?
- RS 24/17 Hjalmar Olav Jacobsen gnr. 60 bnr. 399 - Frådeling av tilleggsareal til gnr. 60 bnr. 152
- RS 25/17 Herøy kommune gnr. 23 bnr. 46 - Frådeling av næringstomt

**Orientering/drøfting:**  
Innbyggjarundersøking

**PS 48/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 49/17 Protokoll frå førre møte.**

**PS 50/17 Delegerte saker**

**PS 51/17 Referatsaker**



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	MARVOL	Arkivsaknr:	2017/1127
		Arkiv:	38/136

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/17	Maritim og teknisk komite	25.09.2017

### OLAV KÅRE HILDRE 38/136 - TILTAK GARASJE OG TILBYGG - DISPENSASJON FRÅ LNF-FORMÅL

#### Tilråding:

1. Maritim og teknisk komite (MTK) gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel, med sikte på etablering av garasje og utviding av altan som tilbygg til eksisterande einebustad på gnr 38 bnr 136.
2. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr 71 § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, jfr § 20-4 , datert 13.08.2017.

MTK gjev løyve til etablering av garasje og utviding av altan som tilbygg til eksisterande einebustad på gnr 38 bnr 136, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 13.08.2017.

Særutskrift:

Olav Kåre Hildre, Grønhaugvegen 44, 6092 Fosnavåg



**Vedlegg:**

- 1 Søknad om dispensasjon
- 2 Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett
- 3 Naboliste
- 4 Teikningar
- 5 Fråsegn
- 6 Kart

**Samandrag av saka:**

Olav Kåre Hildre søker om oppføring av enkel garasje og utvidinga av altan som tilbygg til eksisterande bustad på gnr 38 bnr 136. Området er avsett til LNF-formål i kommuneplanens arealdel og er avhengig av dispensasjon frå arealformålet, jfr pbl § 19-2.

**Saksopplysningar:**

Olav Kåre Hildre søker om oppføring av enkel garasje og utviding av altan, inkludert eit takoverbygg på altanen, som tilbygg til eksisterande bustad på gnr 38 bnr 136 i Grønhaugen i Herøy kommune, jfr søknad datert 13.08.2017 (innregistrert 28.08.2017). Egedomen er underlagt arealformålet LNF i kommuneplanens arealdel, og alle nye tiltak er avhengig av dispensasjon frå arealformålet. Det er søkt om dispensasjon i skjema datert 30.08.2017. Dispensasjonssøknaden er ikkje sendt på høyring til regionale instansar, då tiltaket er vurdert til å ikkje ha innverknad på omsyn som desse skal ivareta i dette konkrete høvet.

Ein viser til vedlagde teikningar med tanke på utforming og plassering av dei nye tiltaka. Tiltaket er nabovarsla og det har ikkje kome inn merknadar til tiltaket. Det ligg føre fråsegn frå eigar av gnr 38 bnr 4 Anders Nedreberg for at Olav Kåre Hildre får bygge garasje/altan inntil 2 meter frå deira felles grense, jfr fråsegn datert 20.08.2017.

**Vurdering og konklusjon:**

Vilkår for å få dispensasjon frå reglar fastsatt i eller i medhald av plan- og bygningslova finn ein i pbl § 19-2. Vurderinga er todelt. For det fyrste må omsynet bak regelen det dispenserast frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må det vere klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon. Dersom desse vilkåra er oppfylt kan kommunen velje å gi dispensasjon.

Fyrste spørsmål er soleis om etablering av garasje og utviding av altan som tilbygg til eksisterande einbustad er eit tiltak som medfører at omsynet bak LNF-formålet vert vesentleg tilsidesett.

Det overordna omsynet bak LNF-formålet er å ivareta omsyn til landbruk, natur og friluftsføremål. Etablering av garasje og utviding av altan som tilbygg til eksisterande bustad på tomte vil ikkje vesentleg tilsidesette LNF-formålet då ei garasje er eit naturleg tilskudd til allereie etablert einbustad. Når ein i tillegg vel å etablere dette som tilbygg til bustad vil ein få konsentrert utbygginga på LNF-området til allereie utbygd område.

Det er etter Rådmann si vurdering klart at etablering av garasje og utviding av altan som tilbygg til eksisterande einbustad ikkje vil tilsidesette omsynet bak LNF-formålet i dette konkrete høvet.

Neste spørsmål vert soleis om det er klart større fordelar enn ulemper ved ein dispensasjon frå LNF-formålet i dette høvet.

Det er klart større fordelar ved å gi dispensasjon i dette høvet, då etablering av garasje og utviding av altan vil gi ei betre utnytting av eigedommen og gi eigar moglegheit til å parkere under tak.

**Med bakgrunn i dette vert Rådmannen si tilråding som følgjer:**

1. Maritim og teknisk komite (MTK) gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanens arealdel, for etablering av garasje og utviding av altan som tilbygg til eksisterande einbustad på gnr 38 bnr 136.
2. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr 71 § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, jfr § 20-4 , datert 13.08.2017.

MTK gjev løyve til etablering av garasje og utviding av altan som tilbygg til eksisterande einbustad på gnr 38 bnr 136, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 13.08.2017.

Fosnavåg, 30.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

2017/1127

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr. 38

Bnr. 136

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Bygging av garasje med terrasse (tak).

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Eiendomen er under LNF-formål i komuneplanens arealdel og søker om dispensasjon frå arealformåle i komuneplanen.

Grunngjeving:

Ønsker å nytte areale til garasje(45m2) med terrasse i tilknytning til huset

Varsling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Namn Olav Kåre Hildre

Adresse Grønhaugvegen 44

Postnr. 6092

Postadr. Fosnavåg

Telefon

Mobiltlf. 99368416

Dato: 30/8-17

*Olav K Hildre*  
signatur

Skriv ut

**HERØY KOMMUNE**  
**PASJANNEN**

Reg. nr. **2017/1127** Saksbeh.

**28 AUG. 2017**



## Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

Pbl § 20-4 og SAK kap. 3

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan?  Ja  Nei

Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit?  Ja  Nei

Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir send til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).

Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuuarar?  Ja  Nei

Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld											
Elgedom/ byggjested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune				
	38	136				44	1515 Herøy				
	Adresse			Postnr.	Poststad						
	Grønhaugvegen 44			6092	Fosnavåg						
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebygd eigedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3										
	<input checked="" type="checkbox"/>	Tilbygg < 50 m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)			
	<input type="checkbox"/>	Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m <sup>2</sup> , jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2									
	<input type="checkbox"/>	Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)									
	Bruksendring (frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei brukseining)										
	Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1										
	<input checked="" type="checkbox"/>	Oppretting/ending av matrikkeleining		<input checked="" type="checkbox"/>	Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/>	Anleggs-eigedom	<input type="checkbox"/>	Festegrunn over 10 år	<input type="checkbox"/>	Arealoverføring
	<input checked="" type="checkbox"/>	Anna:									
	Planlagt bruk/formål										
	Beskriv Eksisterandealtan blir laktnytt dekket på og blir i eit med nytt Garasje med terrasse oppå, terrasse ut frå huset										

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input type="checkbox"/>	Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/>	Reguleringsplan		<input type="checkbox"/>
	Namn på plan						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
	16 m <sup>2</sup>	48,6 m <sup>2</sup>	64,6 m <sup>2</sup>	16 m <sup>2</sup>	48,6 m <sup>2</sup>	64,6 m <sup>2</sup>	1300 m <sup>2</sup>
Grad av utnytting	Vis berekning av grad av utnytting. Rettledning finst på <a href="http://www.dibk.no">www.dibk.no</a> eller kontakt kommunen						

Plassering			
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
Plassering av tiltaket	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
Avstand	Minste avstand til nabogrense	2	m
	Minste avstand til anna bygning		m
	Minste avstand til midten av veg	17	m
Dette skal visast på situasjonsplanen			

Krav til byggjegrunn (pbl § 28-1)		
Flaum (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Skred (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett		
Tilkomst veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Overvatn	Takvatn/overvatn blir ført til: <input checked="" type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng <i>→ Dreens rundhus</i>

Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut dersom søknaden gjeld driftsbygning i landbruket eller mellombelse tiltak		
Vassforsyning pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input checked="" type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat vassverk* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vassstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv   Vedlegg nr. Q -
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input checked="" type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Ligg det føre utsløppløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	-	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	C1 - C3	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	D1 - D1	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	E1 - E2	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	E3 - E4	<input type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10, § 6-2 og pbl § 20-5	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input checked="" type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
<b>Tiltakshavar</b>		
Tiltakshavar plikar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggt teknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn <i>OLAV KÅRE HILDRE</i>	Telefon (dagtid) <i>99368416</i>	Mobiltelefon
Adresse <i>Grønhaugvesen 44 6092 Fosnareg</i>	Postnr. <i>6092</i>	Poststad <i>Fosnareg</i>
Dato <i>13/8-17</i>	Underskrift <i>Olav Kildre</i>	E-post <i>okhildre@hotmail.com</i>
Gjenta med blokkbokstavar <i>OLAV K HILDRE</i>	Eventuelt organisasjonsnr.	



## Kartdata for Herøy Kommune

Dette er naboliste produsert frå Herøy kommune si eigedomsbase. Det kan forekomme feil i grenser på kartet.

### Naboliste 1515-38/136

#### Eier(e)

Eiendom	Navn	Rolle	Personstatus
1515-38/136	HILDRE OLAV KÅRE	Hjemmelshaver	Bosatt i Norge
Adresse GRØNHAUGVEGEN 44		Poststed 6092 FOSNAVÅG	


#### Naboer

Eiendom	Navn	Rolle	Personstatus
1515-38/105	SOLLID LARS KRISTIAN	Hjemmelshaver	Bosatt i Norge
Adresse GRØNHAUGVEGEN 42		Poststed 6092 FOSNAVÅG	
<i>Lars Sollid</i> 14/8-2017			
Eiendom	Navn	Rolle	Personstatus
1515-38/4	NEDREBERG ANDERS LEIF	Hjemmelshaver	Bosatt i Norge
Adresse GRØNHAUGVEGEN 19		Poststed 6092 FOSNAVÅG	
<i>Anders Nedreberg</i> 14/3-2017			
Eiendom	Navn	Rolle	Personstatus
1515-36/47	SÆVIK GUNN SØLVI WARHOLM	Hjemmelshaver	Bosatt i Norge
Adresse GRØNHAUGVEGEN 40		Poststed 6092 FOSNAVÅG	
<i>Gunn Warholm Sævik</i>			

C3


E4

Målestokk 1:100  
Arkstørrelse: A4






Støypet oppkant

Snitt tilbygg altan



L2

E3



Grunnflate garasje 5,25 x 8,70 = 45,7 m<sup>2</sup>

Ny terrasse/Altan 48,6 m<sup>2</sup>


Eksisterende terrasse/altan  
Som blir fornyet og knytter 16 m<sup>2</sup>  
hus og garasje sammen

Malestokk 1:100  
Arkstørrelse: A3




E2

sett från oppsidan av huset, existerande fasade.



E1

Existerande fasade idag, med terrasse på teikna.



Bredd ut från huset 2,9m


Längde 5,5 m



Herøy kommune

## FRÅSEGN

### PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 29-4 – SITAT:

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg. nr.	Saksber.
24 AUG. 2017	
Arkiv nr. F	
Arkiv nr. S	
nr.	Delk. nr.
M. utg. nr.	

#### "§ 29-4. Byggverkets plassering, høyde og avstand fra nabogrense

Byggverkets plassering, herunder høydeplassering, og byggverkets høyde skal godkjennes av kommunen. Kommunen skal påse at veglovas bestemmelser om byggegrense og frisikt blir fulgt. Bygning med gesimshøyde over 8 meter og mønehøyde over 9 meter kan bare føres opp hvor det har hjemmel i plan etter kapittel 11 eller 12.

Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter.

Kommunen kan godkjenne at byggverk plasseres nærmere nabogrense enn nevnt i andre ledd eller i nabogrense:

- når eier (fester) av naboeiendommen har gitt skriftlig samtykke eller
- ved oppføring av garasje, uthus og lignende mindre tiltak.

Nærmere bestemmelser, herunder regler om avstand mellom byggverk, beregningsmåten for høyde, avstand fra nabogrense og areal på bygning som nevnt i andre ledd bokstav b, gis ved forskrift.

I kraft 1 juli 2010 se § 34-3.

Tilføyd ved lov 8 mai 2009 nr. 27 endret ved lov 25 juni 2010 nr. 48. "

Underteikna Anders Nedreberg  
(Namn)  
Fødselsdato 28 11 1959, eigar av gnr 38 bnr 4 i 1515 Herøy kommune  
gjev med dette samtykke til at Olav K Hildre  
(Namn)

Fødselsdato 18 11 1982, eigar av gnr 38 bnr 136 i 1515 Herøy kommune,  
får føre opp Garasje/altan inntil 2 m frå vår felles grense.  
(type bygg)

Underteikna er kjend med at det ved seinare oppføring av bygning(ar) på eigen eigedom som kjem nærare dette bygget enn 8 m, kan verte stilt krav om branntekniske løysingar for å innfri krav fastlagde i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

20/8-17, den Egges Gønes  
(Stad)


A. Nedreberg, eigar av gnr 38, bnr 4  
(Underskrift)

Dersom det er fleire eigarar skal alle partar underteikne

**DENNE FRÅSEGNA SKAL KUNNE TINGLYSAST SOM HEFTE PÅ EIGEDOMEN.**



D1



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/708
		Arkiv:	210

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for helse og omsorg	
	Komite for næring, kultur og idrett	
	Komite for oppvekst	
19/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	22.09.2017
26/17	Eldrerådet	25.09.2017
141/17	Formannskapet	19.09.2017
	Kommunestyret	28.09.2017
53/17	Maritim og teknisk komite	25.09.2017

### TERTIALRAPPORT PER 01.09.17.

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Eldrerådet - 25.09.2017

Saka vert tatt til vitande.

#### Tilråding:

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Kontrollutvalet
- Rådmannen si leiargruppe

**Vedlegg:**

- Tertialrapport frå sektorane.

**Saksopplysningar:**

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.09.2017.

**Bakgrunn**

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

**Sjukefråvær**

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen er resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

**Vedtaksrapportering**

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

**Tenesterapportering**

Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbygarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbygarane.

**Prosjektrapportering**

Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane

Fosnavåg, 11.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

## Tertialrapport 2. tertial 2017 – STAB

### 1. Viktige hendingar

Hendingar	Tidspunkt
Deltaking KOMØK 2017	22. og 23. mai
Gjennomført HMS-opplæring for 60 verneombod og leiarar i Sjustjerna	29. mai
Tilsyn Arbeidstilsynet (Sentraladministrasjon)	31. mai
Budsjettsamling med formannskapet	6. juni
Elevesøk frå ungdomsskulane	Veke 24
Lønspolitisk drøftingsmøte	14. og 15. juni
Tilsetning av ny personal- og organisasjonsleiar	1. juli
Førehandsrøysting Stortingsvalet 2017	Sumaren

### 2. Vedtaksrapport:

Vedtak	Saksnummer
Inkje å rapporten då alle vedtak anten er knytt til prosjekt og vert rapportert der. Startlån vert ikkje rapportert.	-

### 3. Tertialrapportering teneste

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Der er det formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**:

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2016	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
<b>Tiltak i Personal- og organisasjonsavdelinga</b>	1) Gjennomføre 10-faktor (medarbeidarundersøking)	1) Implementere og ta i bruk nytt tidsregistreringssystem tidBANK
	-	2) Implementere og ta i bruk elektroniske skjema i høve løn. (Føresetnad: samarbeid med SSIKT og tekniske høve)
	-	3) Ta del på prioriterte kurs innan personal- og organisasjonsfaget
	-	4) Gjennomføre opplæring for leiarar
<b>Status tiltak 2. Tertial</b>	1) Gjennomført 10-faktor-	1) tidBank er implementert og teke i

	undersøkinga.	bruk. Gjennomført oppfølging og opplæring av leiarar og medarbeidarar på systemet.
	-	2) Er i dialog med SSIKT. Nytt skuleadministrativt program i 2018 vil redusere bilag for manuell registrering. Ser på erfaringar i Vanylven ved overføring av filer frå NAV.
	-	3) Deteke på kurs i regi av KS og Evry.
	-	4) Gjennomført 1. del. Pga. stor arbeidsmengd ser ein at opplæringa fyrst kan vidareførast i 2018.
<b>Tiltak i Økonomiavdelinga</b>		1) Kursaktivitet bl.a. knytt til nytt mva-regelverk
<b>Status tiltak 2. Tertial</b>		1) Har gjennomført internkursing i økonomiavdelinga. Deltaking på Evry-kurs og momskurs.
<b>Tiltak i Servicetorget</b>	1) Innbyggerundersøking	1) Utarbeide og ta i bruk serviceerklæring
	2) Ta i bruk tilbake-meldingssystem (HappyOrNot)	2) Interne kurs knytt til rolla som servicevert
	-	3) Kurs i kommunikasjon (kommunikasjonsplan og pressemeldingar)
	-	4) Utarbeide kommunikasjonsplan
	-	5) Aktivt nytte avvikssystemet Copilo
	-	6) Gjennomføre CIM-kurs og beredskapsøvingar
<b>Status tiltak 2. tertial</b>	1) Gjennomført.	1) Byrja arbeidet med å utarbeide serviceerklæring. Forslag vil verte handsama av Kontaktutvalet og rådmannen si leiargruppe i september
	2) Vert gjennomført og avslutta ved årsskifte.	2) Ikkje gjennomført.
	-	3) Kursdato fastsett i haust.
	-	4) Byrja arbeidet med å utarbeide kommunikasjonsplan. Arbeidet vil verte ferdigstilt i september/oktober
	-	5) Vert gjennomført.
	-	6) Gjennomført eit CIM-kurs.
<b>Tiltak i IKT-avdelinga</b>	1) Måle responstid på brukarstøtte (support)	1) Rutinar i høve nye prosjekt og innkjøp
	2) Måle løysingstid på innmelde saker	2) Definere tenesteleveranse og SLA (Service Level Agreement) for SSIKT og lokal IKT-avdeling)
	3) Måle oppetid på dei ulike fagsystema	3) Syte for driftsstabile system
	4) Måle oppetid på nettverk	-
	5) Brukarundersøking	-
<b>Status tiltak 2. tertial</b>	1) Gjennomføres. Felles system for SSIKT.	1) Felles klientstrategi for kommunane i SSIKT er under arbeid.



	2) Gjennomføres. Felles system for SSIKT.	2) Utkast til SLA for SSIKT til handsaming hjå rådmannsgruppa i Sjustjerna. Vil vere på plass frå 2018.
	3) Gjennomføres på kjærnekomponentar.	3) Kontinuerleg arbeid. Innføring av tynnklientar og skifte av maskinpark.
	4) Gjennomføres. Felles system for SSIKT.	-
	5) Gjennomføres. Felles system SSIKT.	-
<b>Tiltak Dokumentsen-ter og pol. Sekretariat</b>	-	1) Endring av mal for saksframlegg, med samandrag av saka
	-	2) Optimalisere og samordne innsyn/politikk på kommunene sine heimesider (Interkommunal arbeidsgruppe)
<b>Status tiltak 2. tertial</b>	-	1) Gjennomført.
	-	2) Gjennomført på Herøy kommune si heimeside.
<b>Tiltak i Eige-domsavdelinga (Byggdrift)</b>	1) Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	1) Alle byggmessige avvik og aktivitetar skal registrerast i avvikssystemet Famac
	-	2) Inngå lærlingavtale med 1 lærling
<b>Status tiltak 2. tertial</b>	1) Arbeider med å innhente faktagrunnlag. Målet er å få på plass 2-3 nøkkeltal. Må ta omsynt til ny Norsk Standard som er i kjømda.	1) Bygningsmessige avvik vert meldt i Famac frå brukarane direkte.
	-	2) Lærlingavtale er ikkje inngått, men det vert framleis jobba med.
<b>Tiltak i Eige-domsavdelinga (Reinhald)</b>	1) Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	1) Digitalisering av reinhaldsplanar i Famac
<b>Status tiltak 2. tertial</b>	1) Arbeider med å innhente faktagrunnlag. Målet er å få på plass 2-3 nøkkeltal.	2) Under arbeid. Om lag 75% av byggmassen er digitalisert.
<b>Tiltak i Eige-domsavdelinga (Prosjekt)</b>	1) Utarbeide nøkkeltal for måling av tenesteutvikling	1) Alle tiltak skal planleggast, prosjekterast og gjennomførast i samråd med brukaren
	-	2) Alle tiltak skal evaluerast
<b>Status tiltak 2. tertial</b>	1) Arbeider med å innhente faktagrunnlag. Målet er å få på plass 2-3 nøkkeltal.	1) Nyttar Famac-prosjekt. Etablerer tverrfagalege arbeidsgrupper. Alle investeringstiltak og planlagte vedlikehaldstiltak er underlagt prosjektstyring i Famac
	-	2) Forslag til mal er ferdig.
<b>Tiltak i Eige-domsavdelinga (Bustadforvaltning og startlån/tilskot)</b>	-	1) Klargjering av bustad innan 30 dagar etter avlevering frå leigetakar
		2) Utarbeiding av buopplæringsplan

	-	for alle nye kontraktshøve
	-	3) Finansinstitusjonar og brukarar skal få betre informasjon om startlån og tilskot
<b>Status tiltak 2. Tertial</b>	-	1) Gjennomfører faste bustadmøter med samarbeidnede avdelingar. Utfordring kring krevjande leigehøve. Drøftar med Helse og omsorg om endringar i bustadmøta.
	-	2) Buopplæringsplan er under utarbeiding, men er ikkje ferdigstilt. Samarbeid med kommunane i Sjustjerna. Engasjert HiVO fpr å utarbeide informasjonsmateriell.
	-	3) Gjennomført eit møte. Arbeider med å få gjennomført fleire.

#### 4. Organisasjon

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarepolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarepolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.

Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
<b>Tiltak i Stab</b>	Leiarutviklingsprogram i samband med medarbeidarundersøking (10-faktor) i regi av KS konsulent	Med bakgrunn i resultat og faktorane i medarbeidarundersøkinga 10-faktor, skal det utarbeidast tiltaksplan innanfor kvar avdeling	Gjennomføre regelmessige IA-møte med partane i IA-ualet	Revidering av arbeidsgjevarpolitikk og rutinar på personalområdet
<b>Status tiltak 2. tertial</b>	Gjennomført 2. samling av 3 i leiarutviklingsprogrammet (10-faktor)	Under planlegging.	Gjennomført eit IA-møte.	Partsamansett arbeidsgruppe har arbeidd kontinuerleg med revidering av arbeidsgjevarpolitikk og rutinar på personalområdet.

## 5. Samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013-2015 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
<b>Tiltak i Stab</b>	1) Obligatorisk opplæring for nyttilsette	-	1) Annonserer politiske møter og sakliste på Facebook
	2) Gjennomgang og revisjon av arbeidsgjevarpolitikk en	-	2) Etablere forslagskasse for innbyggjarane til politikarane
	3) Utarbeide turkart	-	3) Etablere kontaktpunkt for ordførar og innbyggjarar
<b>Satus tiltak</b>	1) Gjennomført fyrste		1) Under arbeid.

<b>1. tertial</b>	samling. Berre 1 deltakar. For ressurskrevjande å gjennomføre. Må vurdere anna opplegg for 2018.	-	Samarbeid mellom Servicetorget og Dokumentsenteret.
	2) Under arbeid. Vil truleg ikkje verte vedtekn før i 2018.	-	2) Under arbeid. Dialog med rådmannen.
	3) Ikkje gjennomført. Er i dialog med Samfunnsutvikling. Har fått på plass turistkart med reklame.	-	3) Gjennomført "bygdeturnè".

## 6. Staus prosjekt i Eigdomsavdelinga og IKT-avdelinga

Prosjekttiltak Eigdomsavdelinga			
Nr.	Prosjekt	Aktivitet	Staus 2. tertial
51408	Einedalen skule – fleirbrukshall	Revisjon av byggeprogram	Byggeprogram for gymsal eller fleirbrukshall ved Einedalen samt vurdering vedrørende gymsal ved Einedalen og fleirbrukshall ved Herøy kulturhus og idrettshall er oversendt til politisk behandling.
51412	Omsorgsbustadar og base for heimetenesta	Nybygg	Prosjektet er overlevert til ordinær drift. Eigdomsavdelinga jobbar med økonomisk avslutning av prosjektet.
60106	Herøy kulturhus og idrettshall	Asbestsanering	Asbestsanering er fullført. Gulvlegging er under ferdigstilling.
		Nye ytterdører og skalsikring	Konkurransgrunnlag sendast ut i løpet av kort tid.
		Soneinndeling og delvis utskifting av innerdører	Konkurransgrunnlag sendast ut i løpet av kort tid.
		Rehabilitering av lokale for Frivillegsentralen	Pågår.
60604	Hovudbrannstasjon	Forprosjekt - alternative løysingar	Forprosjekt er ferdigstilt og skal oversendast til politisk behandling i plan- og byggenemnda 18.09, Formannskapet 19.09 og kommunestyret 28.09.
61302	Ny bil eigdomsavdelinga – reinhald	-	Kjøpt
61504	Herøy ressurscenter	Forprosjekt	Eigdomsavdelinga avventar overomda vurdering av det framtidige helse- og omsorgstilbodet i Herøy.
61510	Nedre Dragsund 2 - mindre rehabilitering	Tilrettelegging for utleige.	Plan for tilrettelegging for utleige er under ferdigstilling og skal drøftast med brannteknisk konsulent 31.08.2017. Fleire leigetakarar er på veg inn.

70016	Bergsøy skule Borga - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak – gymsal	Konkurransesgrunnlag for mindre rehabilitering av fasade sendst ut i løpet av kort tid. Uteområdet mot Havila Stadion og Kulturhusområdet er fortsatt avstengt grunna fare for takras.
		Desentralisert ventilasjon – prøveprosjekt	Ferdigstilt. Meget positive resultat. Vi ber om ytterlegare midlar i 2018-budsjettet.
70017	Brannsikring av kommunale bygg	Lukking av branntekniske avvik	Landa tiltak 2,8 mill i midlar
70018	EPC – Energisparekontrakt	Fase 1 – Analyse	Kartlegging del 1 er gjennomført. Kartlegging del 2 pågår
70020	Herøy omsorgssenter - mindre rehabilitering	Oppgradering av utvendig rømningsveg	Gjennomført.
		Nye ytterdører og skalsikring	Gjennomført.
		Rehabilitering av brannseksjonering mot Herøy helsesenter	Gjennomført.
		Bygging av mindre utebod for kjøkkenavdelinga	Gjennomført.
70021	Herøy rådhus - mindre rehabilitering	Asbestsanering	Under planlegging.
		Nye ytterdører og skalsikring	Under planlegging.
		Nye branddører	Under planlegging.
		Ombygging av personaltoalett	Ombygging kansellert. Toaletta vert rehabilitering slik dei står i dag
		Rehabilitering av personheis – forprosjekt	Forprosjekt under utarbeidelse saman med forslag til rullestolrampe og utfasing av trappeheis.
70022	Leikanger skule og grendahus	Tilbygg og rehabilitering	Økonomisk avslutning gjenstår.
70039	Kvithaugsmyra 4 - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Pågår.
70040	Myrsnipa barnehage - mindre rehabilitering	Rehabilitering av yttertak	Pågår.
<b>Prosjekttiltak IKT-avdelinga</b>			
<b>Prosjekt</b>	<b>Aktivitet</b>	<b>Status 2. tertial</b>	
Nytt supportsystem IKT	Testfase	Ferdig. Er i full drift. Vert kopla mot SLA 2018.	
Vurdering nytt skuleadministrativt system	Sjustjernaprojekt	Gjennomgang av innkomne anbod har starta	
Flytting av kulturserver/DX-billetsal	Mogleg i februar, men ventar på svar frå DX	Ferdig. Gjennomført i mars	
Nytt program helsestasjon	Overgang til HsPro saman med Sande (dei andre 5 kører dette)	Jobbast med. Ikkje sikkert det vert noko av. Pilotversjon. Inger Marie	

WIFI- Flytte alle WIFI-antenner over til SSIKT	Starta januar - Cisco prime for wlan kontrollere vil forenkle bl.a. utdeling av gjestenett-passord	Ferdig
Flytte internettaksess	Februar/mars	Ferdig
Flytting av ISY-proaktiv	2017	Ferdig. KomTek installert
Oppgradering av ShiftManager til ny versjon	Veke 6	Ferdig
Flytting av DB Visma barnehage	Program er flytta til driftssenteret, database ligg igjen lokalt	Ferdig
Prosjekt 10G nettverk	Kjernenettet klart for 10G linjer ut til andre kommunale bygg med fiber. Vert testa mot skular som nyttar streaming	Ferdig
Flytting fiber rådhuskjellar	Tussa og Herøy kommune sin fiber skal trekkast til telerommet i staden for gamle serverrommet. (tussa ville finne ein dato i februar). Full nedetid alle tenester	Ventar på Tussa. Ove Einar som hadde prosjektet har slutta i Tussa.
Utrulling iPad til alle elevar på 1. og 2. trinn	Samarbeid med oppvekstavdelinga som finansierer kjøp av einingane	Utrulling pågår. Ferdig medio september
Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset	2017	Ferdig
Nybygg OBOBH - Eggesbøtun	Trådlaus, klientar, AV osv.	Ferdig
Maskinrulling	2017	Pågår
Nye AV-løysingar møterom rådhus	2017	Smarttavle servicetorg montert – skinne til golv bestilt. Videokonferanse til møterom 1 klar til montering.. Midlertidig løysing i formannskapssalen
ID-kort?	2017?	Bilete er lagt inn av alle på rådhuset
Flytting av låsesystem?	2017?	Under vurdering
Flytting av SD-anlegg?	2017?	Eigedom har eit eige prosjekt rundt dette

## 7. Sjukefråvær 2. tertial<sup>1</sup>

Tabell 1 nedanfor viser sjukefråvær for 3. tertial 2016, 1. tertial og 2. tertial 2017

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 3. tertial 2016 og 1. og 2. tertial 2017									
L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	3. tertial	K	L	1. tertial	K	L	2. tertial	K	L
Personal og org. inkl. H	2,26	2,15	0,11	5,81	1,99	3,81	3,15	2,23	0,93
Økonomi (>10)	2,13	2,13	0	2,77	1,36	1,41	4,86	3,26	1,6
Fellessekr. (<5)	10,99	1,22	9,77	12,71	0,64	12,07	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	1,16	1,16	0	6,58	2,47	4,12	0	0	0
Servicetorget (<10)	4,85	4,85	0	5,49	4,66	0,82	6,26	0,65	5,62
Utviklingsavd. (<10)	10,84	2,73	8,12	17,76	0,82	16,94	3,33	0,72	2,61
Barnehageavd. (<40)	4,24	2,49	1,75	5,8	3,14	2,33	5,71	3,47	2,24
Grunnskuleavd. (<250)	3,77	1,57	2,2	6,68	1,94	4,75	4,65	0,68	3,97
Anl. og drift (<15)	0,86	0,86	0	2,01	2,01	0	4,57	0,63	3,95
Brannvern (<30)	0,66	0,2	0,46	8,98	3,66	5,32	21,35	0,02	21,33
Helse (<40)	5,54	1,27	4,27	4,72	1,17	3,55	3,13	0,4	2,73
Pleie og omsorg (<300)	10,42	2,59	7,83	9,76	2,33	7,43	7,79	1,67	6,12
Bu og hab. (<75)	13,19	2,28	10,91	19,09	3,39	15,7	10,52	2,1	8,82
Barnevern (<10)	11,01	2,13	8,88	18,89	3,92	14,97	14,28	1,09	13,19
Kultur (>10)	3,96	2,01	1,95	1,78	0,32	1,46	2,41	0,73	1,67
Eigedom (<40)	9,08	2,61	6,47	6,46	2,49	3,97	8,49	1,85	6,64
NAV kommune (10)	20,19	2,5	17,7	20,82	2,71	18,11	21,36	1,77	19,58
<b>Totalt fråvær</b>	<b>7,39</b>	<b>2,11</b>	<b>5,28</b>	<b>9,05</b>	<b>2,26</b>	<b>6,79</b>	<b>6,83</b>	<b>1,4</b>	<b>5,43</b>

Tabell 2 viser sjukefråvær for 2. tertial 2015, 2016 og 2017

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 2. tertial 2015, 2016 og 2017									
L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	2. tertial	K	L	2. tertial	K	L	2. tertial	K	L
Personal og org. inkl. H	4,52	1,4	3,12	0,92	0,92	0	3,15	2,23	0,93
Økonomi (>10)	15,14	0,79	14,4	3,53	3,53	0	4,86	3,26	1,6
Fellessekr. (<5)	0	0	0	6,8	0,51	6,29	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	11,57	0	11,6	10,59	0	10,59	0	0	0
Servicetorget (<10)	0,88	0,88	0	3,38	3,38	0	6,26	0,65	5,62
Utviklingsavd. (<10)	2,07	0,84	1,23	5	0,31	4,69	3,33	0,72	2,61
Barnehageavd. (<40)	8,35	2,93	5,41	6,4	1,35	5,05	5,71	3,47	2,24
Grunnskuleavd. (<250)	5,38	0,87	4,51	3,01	1,06	1,95	4,65	0,68	3,97
Anl. og drift (<15)	4,89	0,42	4,47	1,24	1,24	0	4,57	0,63	3,95
Brannvern (<30)	0,28	0,13	0,15	0,28	0,13	0,14	21,35	0,02	21,33
Helse (<40)	6,61	0,74	5,86	0,95	0,55	0,4	3,13	0,4	2,73
Pleie og omsorg (<300)	8,87	1,98	6,89	6,78	1,36	5,42	7,79	1,67	6,12
Bu og hab. (<75)	8,02	2,28	5,74	11,72	2,3	9,41	10,52	2,1	8,82
Barnevern (<10)	8,08	0,74	7,34	3,58	1,16	2,43	14,28	1,09	13,19
Kultur (>10)	3,43	2,68	0,75	0,45	0,22	0,22	2,41	0,73	1,67
Eigedom (<40)	8,96	2,32	6,64	10,84	2,38	8,46	8,49	1,85	6,64
NAV kommune (10)	17,4	2,77	14,7	11,1	3,9	7,21	21,36	1,77	19,58
<b>Totalt fråvær</b>	<b>7,25</b>	<b>1,55</b>	<b>5,7</b>	<b>5,57</b>	<b>1,39</b>	<b>4,17</b>	<b>6,83</b>	<b>1,4</b>	<b>5,43</b>

<sup>1</sup> Fråværstala for 2. tertial vart generert per 01.09.17. Vanlegvis vert fråværet generert medio kvar månad, og vi kan forvente at tala hadde vore noko høgare om vi hadde generert fråværet på eit seinare tidspunkt i månaden. Tala er såleis ikkje heilt samanliknbare.

## Saksopplysningar:

Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 6,83% for 2. tertial 2017. Desse tala vart generert per 01.09.17. Vanlegvis vert fråværet generert medio kvar månad, og vi kan forvente at tala hadde vore noko høgare om vi hadde generert fråværet på eit seinare tidspunkt i månaden. Tala er såleis ikkje heilt samanliknbare.

Herøy kommune har mål om eit nærvær på 92,5%, og trass i at innmeldingar manglar kan vi likevel tru at målet er nådd.

Dersom vi samanliknar tala for dei tre siste åra ser vi at resultatet for 2. tertial 2017 er betre enn i 2015, men dårlegare enn i 2016 der tala viser 7,25% i 2015 og 5,57% i 2016.

Tabell 1 viser utviklinga for dei 3 siste tertiala, og vi kan sjå at nokre avdelingar har ein nedgang i sjukefråværet mellom 3. tertial 2016 og 2. tertial 2017 og/eller mellom 1. og 2. tertial 2017. Avdeling dokumentcenter/politisk sekretariat (fellessekretariatet), har gått frå i underkant av 11% fråvær til 0. Utviklingsavdelinga har fått redusert sjukefråværet sitt frå 1. tertial til 2. tertial med om lag 14%, og vi ser at pleie- og omsorgsavdelinga har hatt ein jamn nedgang frå 3. tertial 2016 til 2. tertial 2017. Sist nemnde avdeling har gått frå 10,42% til 7,79%, og er dermed i ferd med å nå måltala til Herøy kommune. Kultur viser også ein nedgang.

Isolert sett er nedgangen i desse avdelingane positiv, men det er verd å merke at bak tala i den enkelte avdeling kan variasjonane vere store. Dette gjeld til dømes i pleie- og omsorgsavdelinga, der fråværet varierer mellom 0 og 12,94%.


Om vi ser på den andre enden av skalaen er det særleg Nav kommune og barnevern som har særleg høgt sjukefråvær. Nav kommune har hatt eit jamt høgt sjukefråvær dei 3 siste tertiala, og med små variasjonar ligg dei med over 20% i fråvær. Barnevern på si side har hatt ein auke frå 11,01% i 3. til 18,89% i 1. tertial, for så å gå ned til 14,28% i 2. tertial 2017. Vi ser også at brannvern har høgt sjukefråvær i 2. tertial, men som normalt sett har lågt sjukefråvær. Dette kan vi også sjå av tabell 2 som viser tala for 2. tertial dei tre siste åra.

Det er også viktig å ha i tankane at fråvær ved dei små avdelingane gir seg stort utslag på statistikken.

Ved å sjå på tabell 3, kan vi registrere at 2. tertial 2017 plasserer seg om lag midt på treet i høve til samanliknande år som er oppgitt i diagrammet.



Tabell 3 viser tertialvist frávær frá 2012 til 2. tertial 2017



### Vurdering og konklusjon:

Statistikken over sjukefrávær for 2. tertial 2017 viser at sjukefráværet i fleire avdelingar har auka eller halde seg stabilt høgt, samtidig ser vi ein nedgang i nokre av avdelingane. Dette gjeld både små og store avdelingar, der utslaget på frávær blir stort i små avdelingar og mindre i dei større avdelingane.

Vi ser også ein nedgang i fleire av avdelingane, som dermed gjer seg utslag i ein samla nedgang i sjukefráværet.

Statistikken for 2. tertial er nok også påverka av at det har vore ferietid, i den forstand at ein del av dei som er sjukmelde har hatt ferie.

Trass i systematisk arbeid med førebygging og sjukefráværsoppfølging, ser vi altså at fleire avdelingar har høgt sjukefrávær. Vi veit at årsakene til fráværet er svært samansett, noko som gjer at vi må jobbe både på person- og organisasjonsnivå for å redusere sjukefráværet.

Førebygging og oppfølging er tema både i enkeltsaker, i IA-møte og vi samarbeider med Nav arbeidslivssenter og Stamina.

Målet er at vi skal verte betre og at vi over tid skal ha eit nærvær på 92.5%

Fosnavåg den [06.09.2017](#)

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Kommunalsjef Stab

# Tertialrapport 2 OPPVEKST

Sølvi Lillebø Remøy

## 1. Viktige hendingar

1. 4 nye avdelingsleiarar på plass frå 1.august 2017; for skulane Leikanger, Einedalen, Ytre Herøy ungdomsskule og PPT.
2. Sektor Oppvekst har satsa på tidleg innsats i barnehagen, og tilsett ytterlegare 2 støttepedagogar (150%) for koordinert og målretta arbeid med barn i «gråsona».
3. Fagsamling for alle tilsette i Oppvekst før skulestart.  
Tema:Relasjonskompetanse.
4. Oppstart at satsinga l'pad i begynnaropplæringa, med opplæring av tilsette medio juni. Ny opplæring med lærarar og elevar startar medio september.
5. Talet på barn i enkelte barnehagar er redusert frå august'17. Personell er omplassert til andre avdelingar i sektor Oppvekst.
6. Svært mange nye 1.klassingar har starta på Bergsøy og på Einedalen. Utfordrande i høve arealdisponering, særleg på avd. Blåhaugen.
7. Avd. EMA (einslege, mindreårige asylsøkjjarar) nedlagt frå 31. august, som følgje av nedlegging av asylmottaket.
8. Mange nye barn av arbeidsinnvandrarar har starta i grunnskulen dette skuleåret. Innføringsklassa for 5.-10.årstrinn er stor, og timar til undervisning er auka opp.

## 2. Vedtak

Ingen vedtak som gjeld Oppvekst, i kommunestyret tertial 2.

### Delegerte vedtak gjort av oppvekstkontoret:

Kategori / lovheimel	Tal på vedtak	Klage ja/nei
Skuleskyss etter Opplæringslova §13-4	2	nei
Tilpassa opplæring v/støttepedagog, etter Barnehagelova §1 og 2.	8	Nei
Tilrettelegging av barnehagetilbodet for funksjonshemma barn, etter Barnehagelova §19 G	5	Nei
Moderasjonsordning for foreldrebetaling, etter Barnehagelova §15 og forskrift §3	23	Nei
Spesialpedagogisk hjelp etter Barnehagelova §19A	6	Nei
Spesialundervisning etter Opplæringslova §5.1	15 *	Nei
Psykososialt skulemiljø etter Opplæringslova §9A -3	2	1 klage

\*I tillegg vedtak ute på den enkelte skule, ingen klager.

### 3. Teneste

Satsingsområde	Måleindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017
<b>Grunnskulen/ SFO:</b>				
Målretta arbeid med lesing	Resultat Nasjonale prøver lesing 5.trinn.  Prosent elevar på Meistringsnivå 2 og 3	63,1%	59,9%	65%
<b>Status etter 2.tertial:</b>  Målet nådd for snitt Herøyskulen. Arbeidet med ytterlegare tiltak for å styrke lesing held fram				
Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø	Resultat frå Elevundersøkinga, indikator Meistring	7.trinn:4,0 10.trinn:4,0	7.trinn:3,9 10.trinn:3,8	Minimum 4,0
	Grunnskulepoeng 10.trinn	42,1	39,1	42
<b>Status etter 2.tertial:</b>  Resultat for indikator Meistring ligg godt over målet for snitt på 7.trinn, men ikkje heilt for 10.trinn Snitt grunnskulepoeng etter eksamen våren 2017, vart 41,6 - mot 39,1 året før. Positiv utvikling.				
Barn skal trivast på SFO	Udir si Foreldreundersøking	-	-	4,5
<b>Status etter 2.tertial:</b>  Foreldreundersøkinga vart gjennomført i mai'17. Lav og variert deltaking, snitt svarprosent 35%. Resultat 4,2 (av 5) på spørsmål om trivsel.				
<b>Kulturskulen</b>				
Kvalitet på tilbodet	Brukarundersøking, Fornøgd med total kvalitet	-	-	4,0
<b>Status etter 2.tertial:</b>  Brukarundersøking er gjennomført. Svært lav deltaking, resultat ikkje klart.				
<b>Barnehagen</b>				
Mange nok pedagogar til å gi barna eit tilbod i samsvar med lokalt og nasjonalt lovverk.	Pedagogtettleik over minstenorm, for å møte muleg framtidig krav	-	-	50% innan 2020

Godt samspel vaksne-barn og barn-barn.	Brukarundersøking	-	-	5,4
Godt samarbeid med heimen	Brukarundersøking			5,4
<b>Status etter 2.tertial:</b>				
Brukarundersøking er gjennomført. Resultat vart framlagd i eiga sak. Målet nådd med god margin.				
Behov for auke i talet på pedagogar, kjem tilbake i samband med budsjett 2018.				

### Sektorovergripande mål for organisasjonsutviklinga i Herøy kommune:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompasser sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål	Neste måling i	Betre enn	7,5 %	90 % i arbeid

2017	2018.	landsgjennomsnittet.		ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
<b>Tiltak 2.tertial</b>	Nasjonalt satsing på barnehage- og elevmiljø godt igang. Fagsamling Relasjonskompetanse, gjennomført august.  <b>Fleire tiltak i gang</b>	Leiarstøtte, opplæring og kompetanseutvikling. Bygge ytterlegare kompetanse på Oppvekstkontoret.  <b>Fleire tiltak i gang</b>	Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod. Trygge og forutsigbare arbeidsmiljø Godt kollegaskap.  <b>Prosessar og tiltak er i gang</b>	Medarbeidar-samtalar, seniorsamtalar. Tilrettelegging der det er muleg  <b>Medarbeidar-samtalar gjennomført i alle avdelingar</b>

### Sektorovergripande mål for samfunnsutviklinga:

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Dette er søkt innarbeidd i dette dokumentet og lagt til grunn for prioriteringane.

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
<b>Tiltak 2.tertial</b>	God kvalitet i barnehagar, skular og kulturskule. Omdømmebygging Legge til rette for minoritetsspråklege barn og vaksne  <b>Kontinuerleg arbeid i gang</b>	Score over middels på aktuelle indikatorar i Elevundersøkinga og Brukarundersøkingar  <b>Undersøkingar gjennomført, viser til eigne saker med resultat</b>	Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd  <b>Kontinuerleg arbeid i gang</b>

### Avviksmeldingar i Kvalitetslosen

9 avvik meldt i Kvalitetslosen i perioden. Dei fleste av desse var i ein kategori som gjorde at dei vart handtert utanom avvikssystemet. Resten vart handtert ved å setje inn tiltak, og lukka

i systemet.

### **Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**

Mattilsynet har hatt tilsyn på nokre barnehagar, skulekjøkken og SFO. Utbetring av pålegg er handtert av Oppvekst (rutinar og dokumentasjon), medan det som gjeld bygning/utstyr er sendt over til Eigedomsavdelinga

Fosnavåg, 5.september 2017

Kommunalsjef Oppvekst

# Rapportering 2.tertial, helse og omsorg

## 1. Viktige hendingar

Avdelingane pleie- og omsorg, barn, familie og helse, og bu- og habilitering vart samla i sektor for Helse og omsorg frå 01.01.17. Helse og omsorg er den største sektoren i Herøy kommune, og hadde 18 avdelingar/seksjonar per 01.01.17. Ny hovudstruktur for avdelingsnivå vart avgjort innan fristen den 01.07.17.

Sektor for helse og omsorg har frå 01.07.17 slik avdelingsstruktur: Avdeling for barn, familie og helse, avdeling for pleie og omsorg, avdeling for bu og habilitering og avdeling for tenestekoordinering. Det vart lyst ut etter nye avdelingsleiarar for følgjande avdelingar: Avdeling for pleie og omsorg, avdeling for bu og habilitering og avdeling for tenestekoordinering. Det vil bli arbeid vidare med seksjonsstruktur i avdelingane.

Helse og omsorg har hatt tilsyn frå Fylkesmannen knytt til tilbodet for ROP-pasientar (pasientar med rus og psykiske helseplagar). Førebels rapport er levert, og Herøy kommune har svarfrist for å kommentere satt til 1.oktober. Endeleg rapport vil kome i etterkant av det.

Ressurssenter for omstilling (RO) vann anbodet frå Herøy kommune, for å kartlegge og evaluere helse og omsorgstenestene. Arbeidet som er gjort, skal gi grunnlag for eit vidare arbeid for å ruste oss for ei god og framtidsretta helse og omsorgsteneste. Resultatet av arbeidet var presentert for helse og omsorgskomiteen, rådsrepresentantar, hovudtillitsvalde, hovudverneombod og leiarar. I tillegg vart det lagt fram ein presentasjon i kommunestyret i august. Rapport vil bli tilsendt til politiske fora og til øvrige deltakarar i kartlegginga.

Resultat av brukarundersøkingar er under kontinuerlig handsaming. Resultat frå lege, fysioterapitenesta og tenester til utviklingshemma er arbeid med internt og presentert for politisk handsaming. Resultat frå sjukheim og dagsenter er under intern oppfølging og kjem til politisk handsaming i løpet av hausten. Barnevernseksjonen planlegg å gjennomføre si brukarundersøking i siste tertial.

## 2. Vedtaksrapport

K-sak 22/17	Busetjing av flyktningar i 2017	Under arbeid
K-sak 75/17	Forskrift om rett til sjukeheims plass eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgnstenester, kriterie og venteliste	Effektuert
K-sak 96/17	Familiestøtte – servicetilbod for familiar om hjelp i heimen ved spesielle behov.	Under arbeid



### 3. Tertialrapportering teneste

<b>Mål</b>	<b>Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.</b>	<b>Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.</b>
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2016	Ikkje målt.	Manglar data.
Ambisjon 2020	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
Resultatmål 2017	Betre enn landsgjennomsnittet.	Manglar data.
<b>Resultatmål barnevern</b>	<b>Barnevernet leverar kvalitativt gode tenester til dei som treng det.</b>	<b>Undersøkelsessaker i barnevern skal følgje krava til tid for undersøking som er i lovverket.</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Ingen overskridelser i undersøkelsessaker.
Tiltak 2.tertial	Brukarundersøking var planlagt i første halvår, dette har ein måtte utsette til andre halvår.	Det har også denne perioden vore nokre fristoversittingar. Arbeidet med å reetablere ny rutinebok er nesten ferdigstilt og klar for innlegging i Compilo.
<b>Resultatmål legetenesta</b>	<b>Legetenesta leverar kvalitativt gode tenester.</b>	<b>“Ta tilbake” pasientane til Herøy frå andre kommunar ved så skape trygghet for befolkninga med stabil legedekning.</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking.	Rekruttere i henhold til rekrutteringsplan for fastleger.  Sjå på tala og samanlikne med det som årleg vert rapportert ifht bruk av fastlegar i andre kommunar.
Tiltak 2. tertial	Brukarundersøking vart gjennomført i første tertial. Resultatet er teke opp ved legekantora, samt at det har vore lagt fram som politisk sak til kommunestyret.	Det er tilset ein fastlege ved Myrvåg legesenter. Det er også ein lege som per 1.9.17 tiltrer i heimel ved Herøy legeseenter. Det vert utlyst to heimlar ved Herøy legesenter med det første. Det vert arbeida kontinuering med rekruttering av fastleger .
<b>Resultatmål psykisk helse</b>	<b>Tal på ungdom som slit psykisk i kommunen, skal reduserast</b>	<b>Auke tal på personar med vedtak på tenester i Psykisk Helse, som har tildelt aktivitetstilbod utanfor eigen heim.</b>
Korleis måle?	Ny kartlegging av status, med betre resultat enn 2015.	Fleire inn i tildelte dagaktivitetstilbod, gruppetilbod og individuelt tilpassa tilbod.
Tiltak 2. tertial	Resultat av UngData kartlegging forelå før sommaren. Oppfølgingen og vidare arbeid med resultat vert gjort utover hausten.	Prosjektet “Kvikk” Herøy er godt i gang, og det arbeidast aktivt med å få fleire på gruppetilbod. Det har vist seg utfordrande å få “nye” brukare til å kome til tilboda.
<b>Resultatmål rehabilitering</b>	<b>Fysioterapitenesta leverar kvalitativt gode tenester.</b>	<b>Redusere ventelistene til fysioterapi</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking for dei private fysioterapeutane.	Færre på venteliste.
Tiltak 2. tertial	Brukarundersøking vart gjennomført i første tertial.	Gode gruppetilbod som gir tilbod til fleire samstundes.

	Resultatet er teke opp ved begge fysioterpaesenter, samt at det har vore lagt fram som politisk sak til kommunestyret	
<b>Resultatmål flyktingetenesta</b>	<b>Få på plass gode samarbeidsrutinar med samarbeidspartane i flyktingetenesta.</b>	
Korleis måle?	Evaluere samarbeidsavtalen mellom NAV, Internasjonal skule og flyktingetenesta.	
Tiltak 2. tertial	Det er arbeida med å få til gode samarbeidsarenaer med dei ulike fagpersonane. Det ser likevel litt arbeid som står igjen her.	
<b>Resultatmål NAV</b>	<b>Redusere utbetaling av økonomisk sosialhjelp, jamført med same tidspunkt i 2016</b>	
Korleis måle?	Mindre utbetaling i 2017 enn i 2016.	
Tiltak 2. tertial	Ulike tiltak er set i verk for å redusere utbetalingen av sosialhjelp. Desse tiltaka følgast nøye og særleg kommunal tiltakspakke har ført med seg mange positive ringvirkningar.	
<b>Resultatmål buhabtenesta</b>	<b>Sikre kvalitet, likeverdig tenestetilbod og stor grad av brukarorientering.</b>	<b>Kompetanseutvikling i teneste for utviklingshemma.</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking	Fleire tilsette med yrkes og høgskulekompetanse i tenesta. Frå 74,5 % til 80% tilsette med utdanning.  Færre dispensasjonar frå for tilsette knytt til HOTL kap 9 om tvang og makt. Frå 8 til 6 dispensasjonar knytt til kap 9 om tvang og makt.
Tiltak 2. tertial	Brukarundersøking er gjennomført, med eit samla snitt på 4,4 poeng, mot landssnittet på 4,6. Tiltak er satt i verk, og rapporten er lagt fram for politisk handsaming i kommunestyret.	Målretta kurstilbod, vidare og etterutdanning, og god bruk av fagdagar.
<b>Resultatmål pleie og omsorgstenesta</b>	<b>Eit trygt og godt tenestetilbod til dei som treng det.</b>	<b>Betre kvalitet i demensomsorga</b>
Korleis måle?	Brukarundersøking i bedre kommune.	Auka tal på tilsette med vidareutdanning innan demens, frå 12 til 15 tilsette.
Tiltak 2. tertial	Brukarundersøking for dagsenter og institusjon, fyrste halvår 2017 er gjennomført. Rapportane er under intern gjennomgang per d.d	Tilby vidareutdanning til dei som kan vere aktuelle.

<b>Resultatmål pleie og omsorgstenesta</b>	<b>Offensiv satsing på velferdsteknologi</b>	
Korleis måle?	Auke i tal på tilsette med mobilpleie i tenesta frå 24 til 30.	
Tiltak 2. tertial	Auke i lisensar ved behov.  Pilot på eRomprosjekt i Myrvåg vert budsjettert for 2018	

# Tertialrapportering 2 Samfunnsutvikling

## 1. Viktige hendingar

### a. Rehabilitering av Sunnmørsjekta «Anna Olava»

## 2. Vedtaksrapport

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret tilbake til mars 2015:

<b>SAKSNUMMER</b>	<b>Bypark, Huldalskrysset og trafikkforhold Djupedalen</b>
<b>Vedtak</b>	K SAK 33/15 – 26.03.2015
<b>Status</b>	Ikkje arbeid med i siste periode
<b>Framdrift</b>	Vert å vurdere i samband med byutviklingsprosjektet der ein ser samla på byrom, parkering og mobilitet for Fosnavåg.

## 3. Tertialrapportering teneste

<b>Mål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Resultat 2015</b>	<b>Resultat 2016</b>	<b>Mål 2017</b>
<b>Utvikling</b>				
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket <b>Ikkje avvik</b>	Fylkesmannen stadfester at klagesaker er i tråd med kommunen sine vedtak	67%	100%	100%
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene <b>Ikkje gjennomført</b>	Det skal gjennomførast brukarundersøkingar (bedrekommune) i 2017 der ein skal ha høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med	-	-	Høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med
<b>Brann</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Resultat 2015</b>	<b>Resultat 2016</b>	<b>Mål 2017</b>
Feiing og tilsyn <b>Ikkje utført feiing og tilsyn i 2 kvartal</b>	Feiing av pipe og tilsyn av ildsted	Utført etter oppsett frekvens/pl	Utført etter oppsett frekvens/pl	Ein skal halde same frekvens som i 2016

		an	an	
Trygg og sikker innsats  <b>Det har vore 0-skadde under innsats i 2. tertial.</b>	Måleindikatorar hentast ut frå adaptit			0-skadde under innsats
Tverrfagleg kartlegging av risikogrupper  <b>Kartlegging er under arbeid.</b>	Rapportering gjennom samarbeid			3 kartleggingar
Bekymringsmeldingar  <b>Det er gjennomført tilsyn etter alle mottekne bekymringsmeldingar</b>	Utføre tilsyn når ein mottek bekymringsmeldingar			100%
Nasjonale kampanjer  <b>Ingen kampanjer gjennomført i 2 tertial.</b>	Ein skal følgje opp nasjonale kampanjer knytt til ansvarsområdet			3 kampanjer
<b>Kultur</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Resultat 2015</b>	<b>Resultat 2016</b>	<b>Mål 2017</b>
KULTURKONTOR  <b>Bygdemøter er gjennomført og arbeidet med sortering av føreslåtte kulturminner har starta.</b>	Godkjend kulturminneplan	-	-	1
<b>Ikkje starta opp.</b>	Nye turkart i samarbeid med Sande kommune	-	-	1
BARNE- OG UNGDOMSARBEID  Status: <b>Mål nådd kvar andre veke. Juniorklubben er ikkje starta opp att då denne aldersgruppa har svært</b>	Tal besøkande fritidsklubben pr. veke fordelt på to kveldar	(stengt. gr. vasslekkasje)	100 (haust)	100

<b>mange fritidstilbud.</b>				
Status: <b>- 2 pr. august</b>	Tal saker med uttale frå ungdomsrådet	2	3	5
Status: <b>- 3 arr. pr. april (2 x nattcup + UKM) - 4 arr. pr. august (sommarfest PU)</b>	Tal gjennomførte ungdomsarrangement pr år.	4	5	10
Status: <b>- Gjennomført med 45 deltakarar.</b>	Tal deltakarar på UKM	40	43	50
FRIVILLIGSENTRAL  Status: <b>Avventer byggearbeid i regi av eigedoms- avdelinga før flytting kan skje.</b>	Flytte etablerte møteplasser/tiltak til nye lokalar i Kulturhuset	-	-	100 %
Status: <b>2 nye aktivitetar starta opp; Seniornett og Radiobingo.</b>	Etablere nye møteplasser og tiltak	-	-	2
KULTURHUS  Status: <b>Gjennomført</b>	Tildeling av øvingstider til alle som søker (innan fristen)	-	100 % (ny)	100 %
Status: <b>Ikkje starta opp.</b>	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
IDRETTSHALL  Status: <b>Gjennomført</b>	Tildeling av treningstider til alle som søker (innan fristen)	100 %	71 %	100 %
Status: <b>Ikkje starta opp.</b>	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
FOLKEBIBLIOTEK  Status: <b>- 800 pr. august</b>  <i>Det er avvik i målalet knytt til at utlån til skular og barnehagar vert registrert som ein lånar. Dette gjeld og</i>	Auke tal aktive personlege lånarar	-	1 122	5 % (1178)

<i>familiar der ein føresett låner bøker til fleire i familien.</i>				
Status: <b>Ikkje starta opp.</b>	Auke tal arrangement for unge	-	6 (ny)	2
KONSERTHUS  Status: <b>- 7 663 pr. august</b>	Selte billetter	17 000	15 000	14 000
Status: <b>- 52 pr. august</b>	Tal arrangement pr. år (40 eigne + 20 innleigde)	66 (44 eigne og 22 innleigde)	69 (44 eigne og 24 innleigde)	60
Status: <b>Ikkje starta opp.</b>	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
KINO  Status: <b>- 17 163 pr. august</b>	Selde billetter	27 843	30 429	29 000
Status: <b>Ikkje starta opp.</b>	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år

**Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafør sitt ansvarsområde:**  
Plan


Det har vore arbeidd med mange saker og fleire av sakene ligg i dag ute til høyring.

Følgjande planar er avslutta i siste periode med vedtak i kommunestyret eller formannskapet: **Revidert handlingsprogram for trafikktrygging, Skarabakken, Tarberg hytteområde, mindre reguleringsendring Røyra 2**

Avdelinga har 42 planoppgåver på lista si pr.dato, av desse er 12 private planar.


Byggesak

Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar. Det er til tider høgt arbeidstrykk på dei tilsette og sjukemeldingar. Det er henta inn vikar for å halde oppe saksproduksjonen. I andre tertial er det kome inn 109 saker og det er handsama 128 saker.



### Oppmåling

I andre tertial er det gjennomført 25 oppmålingsforretningar, Det er oppretta nye matrikkeleiningar til føremål: 7 bustad, 2 industri, 2 naust, 3 fritid og 3 anna formål. Det er oppretta 9 nye matrikkeleiningar som tilleggsareal til bustad. I perioden er gjennomført 1 arealoverføringar. Ein har pr. 01.09.2017. 10 oppmålingsforretningar på vent.



### Eigedom

Det vert arbeidd systematisk og godt saman med servicetorget .

### Brann

Politisk sak om revidering av Brannordninga med tilhøyrande ROS-analyse er i prosess og er forventa vedtatt desember 2017.

Arbeidsmiljøprosessen går vidare med som planlagt.

### Kultur

Det har vore gjennomført byggjearbeid ved kulturhuset i sommar, og lokala har vore heilt og delvis stengde som følgje av dette. Enkelte aktivitetar vart flytta til alternative lokalitetar, mens andre ikkje vart gjennomført i den aktuelle perioden.



I forbindelse med stenging av kulturhuset i sommar har folkebiblioteket gjennomført kassering av ca. 5 000 bøker (mot normalt 1 500 pr. år). Kasseringa er eit ledd i førebuingar til sjølvbetjent og meirope bibliotek.

Fritidsklubben har i regi av ungdomsrådet måla og oppgradert fritidsklubben. Arbeidet har skjedd primært som dugnadsarbeid og med fokus på gjenbruk av gjenstandar. Kulturkontoret erfarer ein auke i tal søknader om kulturtilskot, truleg som konsekvens av bortfall av RDA-midlar og at sponsormarknaden er betydeleg dårlegare enn føregåande år. I 2017 er det lagt ned fleire hundre timar, primært i dugnadsarbeid samt i regi av Ottar Bjørkedal, for rehabilitering og klargjering av kommunens båt; Sunnmørsjekta «Anna Olava». Målet har vore å setje den i stand slik at den igjen kan takast i bruk etter formålet. Båten har ligge på land i ca. 6 år og Eigarstyret ved Herøy Kystmuseum har hatt ansvaret for rehabiliteringa som er koordinert av kulturkontoret. Utgiftene er dekt av RDA-tilskot motteke i 2015 og 2016.

#### Drift

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande. Innanfor området idrett er det ressursmangel som medfører at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald. Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting og vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.

Hamnegebyr er vedtatt innført og ein har inngått samarbeid med Ålesund hamn om innkrevjing av gebyr. Det vart starta med logging av anløp den 4.april. Har vore nokre utfordringar med samhandling mellom datasystema som skal logge anløp og hendle utsendinga av gebyra. Alle systema var oppe å gå frå midten av Juni. Anløp før denne tida har vorte registrerte manuelt.

Teknisk vakt er innført og fungerer godt.

På avlaupssida er det utfordringar med gamle kombileidningar som må separerast for å få vekk overvatnet som fører med seg stein og grus som igjen skadar pumpesystema. Vil vere utfordringar med knappe resursar på drifta, då ansvarsområdet har vore pressa over tid og no vart auka ved innføring av hamnegebyr.

#### **4. Tertialrapportering organisasjon:**

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

<b>Mål</b>	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgevarpolitikken sine	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest
------------	--	--	---	---

		mål.		mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2017	<p>*Utvikle innbyggardialog, i <b>prosess</b></p> <p>*Utvikle politiske saksframlegg, i <b>prosess og delvis gjennomført</b></p> <p>*Omorganisering, <b>gjennomført</b></p>	<p>*Leiaropplæring, i <b>prosess</b></p> <p>*Delta i lokale nettverk, i <b>prosess</b></p> <p>*Legge til rette for innovasjonskultur, i <b>prosess</b></p> <p>*Kundebehandlarpris, i <b>prosess</b></p> <p>*Utvikle delegasjon på leiarnivå, i <b>prosess</b></p>	<p>Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod.</p> <p>Trygge og forutsigbare arbeidsmiljø</p> <p>Godt kollegaskap.</p>	Medarbeidar-samtalar, seniorsamtalar, tilrettelegging der det er muleg

## 5. Tertialrapportering samfunnsutvikling

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
------------	---	--	------------------------------------

		si rolle som samfunnsbyggjar.	
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan og budsjettvedtak	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv. Grad av ferdigstilling på prosjekt	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 2017	<p>*Gjennomføre investeringsprosjekt i tråd med vedteke budsjett, <b>i prosess</b></p> <p>*Visjon for byutvikling, <b>i prosess</b></p> <p>*Bygge ut Solsida park, <b>i prosess</b></p> <p>*Vidareutvikle FNP gjennom oppretting utviklingsforum for vekst og utvikling i Herøy, <b>i prosess</b></p> <p>*Delta i FOU prosjekt mot "havromet", <b>i prosess</b></p>	Score over middels på aktuelle indikatorar.	<p>Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd</p> <p>*SMS undersøking for å måle status på kundetilfredshet, <b>ikkje gjennomført</b></p> <p>*Serviceerklæring, <b>ikkje gjennomført</b></p> <p>*Systematisk bruk av sosiale medie, <b>i prosess</b></p>

## 6. Investeringsprosjekt

Status: 1= Ferdig , 2 = Under arbeid , 3= Ikkje starta opp

Prosjekt	Budsjett	Status
Planfri kryssing Frøystadtoppen	24 125 000	<b>2</b>

Arkeologiske utgravingar	450 000	-
Miljømurdring Fosnavåg	170 000	2
Strategiske grunnkjøp	11 500 000	2
Skarabakken, utbetring m.m.	17 000 000	2
Planlegging av tursti Myklebustvatnet	125 000	2
Trafikktryggingstiltak	4 000 000	2
Myrabakken Bustadfelt, Moltu	8 350 000	2
Opparbeiding Almenningen	1 600 000	2
Vegarm campus-Myklebustvegen		2
Dreneringsgrøfter byggefelt	1 015 000	2
Infrastruktur byggefelt	4 985 000	2
Opparbeiding/tilordning Vike-Toftedal	1 355 000	1
Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak	295 000	2
Sjøledning avløp Vågsholmen		2
Almenningen	1 010 000	2
Kloakkutbygging	7 975 000	2
Div. kulturhuset	288 000	2
<b>Nye:</b>		
Biblioteket, sjølvbetjeningsautomatar	500 000	2
Nørvågen. Opparbeiding fortau med meir	4 000 000	2
Eggesbønes. Etablering av nytt industriområde	500 000	2
Mjølstadneset. Etappevis utbygging	5 625 000	2
Byutvikling Fosnavåg	5 000 000	2
Fosnavåg Hamn	5 000 000	2
Ny bru til Vågsholmen	2 800 000	2
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	2

Grunnkjøp	3 000 000	<b>2</b>
Leine hamn, heving av industriveg m.m	500 000	<b>3</b>
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	<b>2</b>
Div. kulturhuset	100 000	<b>2</b>

Andre dato Valgt dato: Juli - 2017

Kontor: 1515 - Herøy

Brukerperspektivet													
ID	Navn	Prioritet	Siste periode			Hittil i år			Trend	Siste periode			Aktive tiltak
			Virkelig	Mål	Forrige måling	Snitt/Sum	Mål	Status		Virkelig	Mål	Forrige måling	
B.12	Del arbeidsøkarar / brukarar med nedsett arbeidsevne med oppfølging siste 3 mnd	Middels	77 %	75 %	82 %	81 %	75 %	↓					
B.13	Andel arbeidssøkere / brukere med nedsett arbeidsevne under 30 år med oppfølging siste 3 mnd	Middels	68 %	65 %	93 %	88 %	85 %	↓					
B.14	Del graderte på 12 vekers tidspunkt	Middels	26 %	32 %	38 %	34 %	32 %	↓					
B.15	Del arbeidsøkarar med overgang til arbeid	Middels	68 %	60 %	51 %	59 %	60 %	↑					
B.16	Del personar med nedsett arbeidsevne med overgang til arbeid	Middels	29 %	42 %	40 %	41 %	42 %	↓					
B.22	Del verksemdar som har fått arbeidsmarkedsbistand frå NAV	Middels	9,7 %	20,0 %	15,1 %	18,8 %	20,0 %	↓					
B.23	Tal formidlingar	Middels	3,0	3,0	1,0	2,3	3,0	↑					
B.40	Del "kontakt brukar" behandla innan fristen	Middels	80 %	85 %	74 %	80 %	85 %	↓					
B.50	Del gjennomførte dialogmøte 2 innan 26 veker (kun sjukmeldte utan fritak)	Middels	50 %	80 %	75 %	74 %	80 %	↓					
B.922	Andel virksomheter som har fått IA-tjenester og arbeidsmarkedsbistand frå NAV	Middels	9,7 %	25,0 %	15,1 %	18,8 %	25,0 %	↓					

Medarbeiderperspektivet													
ID	Navn	Prioritet	Siste periode			Hittil i år			Trend	Siste periode			Aktive tiltak
			Virkelig	Mål	Forrige måling	Snitt/Sum	Mål	Status		Virkelig	Mål	Forrige måling	
M.1	Sjuekråvarer for statelig ansatte (sum av lægjemeldt og eigenmeldt fråvar) (1 månad på etterskoll)	Middels	27,7 %	10,0 %	23,2 %	18,2 %	10,0 %	↓					
M.2	Andel ansatte med gjennomført medarbeidersamtale dokumentert i kompetanse@NAV (akkumulert pr. kalenderår)	Middels	11 %	60 %	11 %			↑					



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/798
		Arkiv:	76/92

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
54/17	Maritim og teknisk komite	25.09.2017

### DAG IVAR MYRENE 76/92 - AVSLAG PÅ DISPENSASJONSSØKNAD - KLAGEHANDSAMING

#### Tilråding:

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve til det som låg føre då kommunen gjorde eit delegert vedtak om avslag på dispensasjonssøknad 09.08.2017, DS 199/17.

Klagen vert difor ikkje teken til følge og Maritim og teknisk komite stadfestar vedtak i DS 199/17. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:  
Dimco AS v/Dag Ivar Myrene

Skytterveien 7C 1605 Fredrikstad

## Vedlegg

- 1 Dag Ivar Myrene 76/92 - Avslag på dispensasjonssøknad
- 2 Klage på vedtak om avslag for bygging av fritidsboliger på Gnr 76, Bnr 92-97
- 3 Klage på avslag disp søknad Gnr76 Bnr 92-97
- 4 Vedlegg 1 Søknad om dispensasjon for fritidsboliger Gnr 76 Bnr 92-97
- 5 Vedlegg 2 Tegning D1 Oversiktstegning datert 20170621
- 6 Vedlegg 3 Tegning D2 Fremtidig adkomst til regulert veg datert 20170621
- 7 Søknad om dispensasjon for bygging på Gnr76 Bnr 92-97
- 8 Dag Ivar Myrene 76/92 - Løyve til planering og opparbeiding av nausttomter

## Samandrag av saka:

Dimco AS søker om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av tre fritidsbustadar i område avsett til naustføremål(AN). Han har fått administrativt avslag og påklaga vedtaket. Saka vert no fremja for politisk klagehandsaming.

## Saksopplysningar:

Dimco AS søker på vegne av tiltakshavar om dispensasjon frå føremålet i kommuneplanenes arealdel, med sikte på å få løyve til oppføring av 3 fritidsbustadar.

Området fritidsbustadane er søkt oppført er i kommuneplanenes arealdel avsett til naustføremål (AN).

Det er tidlegare omsøkt og gitt løyve til fylling og planering med tanke på oppføring av naust, jfr. løyve gitt i vedtak nr. 19/15, datert 23.01.2015. I løyvet er det framsett som vilkår at søknad om bygging av naust må sendast inn før bygging av sjølve nausta kan iverksettast.

Dimco AS sendte, 27.03.2017, søknad om dispensasjon for bygging av fritidsbustad på gnr. 76 bnr. 92-97. Søkjar fekk tilsvar frå sakshandsamar 07.04.2017 der søkjar fekk signalisert at administrasjonen ikkje kunne tilrå ein dispensasjon med oppgitt grunngeving der administrasjonen oppmoda om å bygge i tråd med overordna plan. Det vart gjennomført eit avklaringsmøte mellom søkjar og kommunen 12.05.2017 for å avklare kva moglegheiter søkjar har for vidare søknadsprosess. Kommunen viste igjen til at tiltaket ikkje var i tråd med overordna planverk og at innstillinga til evt. dispensasjon ville bli negativ frå administrasjonen. Tiltakshavar vart også orientert om sin rett til å søkje om dispensasjon og at kommunen såleis må vurdere ein dispensasjon basert på grunngevinga som då ligg føre. Etter dialog med søkjar vart oversendt lenke(23.05.2017) til ein rettleiar for dispensasjonar for å gje søkjar eit betre bilete over kva vurderingar som vektleggast i ei dispensasjonssak.

Dimco AS søkte formelt om dispensasjon 21.06.2017 for bygging av fritidsbustad og dispensasjon til å etablere flytebryggeanlegg ved fritidsbustadane. Søknaden var utfyllande og kunne handsamast etter pbl. § 19-2, Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen.

Herøy kommune gjorde 09.08.2017, DS 199/17, delegert vedtak om avslag på dispensasjonssøknad. Kommunen grunnjev avslaget med at *bygging av*



*fritidsbustadar på området avsett til naust som en vesentlig endring av føremål i kommuneplanens arealdel. Kommunen vurderer det derfor som klart at ein dispensasjon frå føremål (AN) i kommuneplanen vil setje omsynet bak føremålet vesentleg til sides. Inngangsvilkåret for å kunne få dispensasjon etter pbl. § 19-2 er soleis ikkje innfridd, og søknad om dispensasjon må avslåast av denne grunn.*

Dimco AS klaga på vedtaket 16.08.2017.

## **Vurdering:**

### **Grunngjeving av avslaget**

Herøy kommune gjorde 09.08.2017, DS 199/17, eit delegert vedtak om å avslå søknad om dispensasjon der avslaget er grunngjeve med at ein dispensasjon frå arealføremålet vil sette intensjonen med kommuneplanen sin arealdel vesentleg til side.

I dette ligg det at etablering av fritidsbustadar er eit vesentleg avvik frå det naustføremålet som er godkjent i kommuneplanen. I «vesentleg avvik» ligg det at fritidsbustadar privatiserer strandsona i langt større grad enn eit naust og ålmenta har ikkje tilgang til strandsona på same vis.

Det vert vist til vurderingar gjort av Økokrim (august 2009):  
*Etter friluftsløva har ei hytte ei sone av "innmark" rundt seg. Utgangspunktet er at ålmenta ikkje har rett å ferdast der. Det er tilhøva på staden som avgjer kor stor denne private sona er.*

*I følge friluftsløva kan ålmenta ferdast heilt inntil naustveggen. Har du ei hytte må folk halde seg lengre unna. Eit naust som er ulovleg tatt i bruk som hytte, fråtar i praksis folk flest rett til ferdsle i strandsona.*

*Eit naust er ein stad for oppbevaring av båt og båtrelatert utstyr. Ein slik bygning har ikkje "innmark" rundt seg etter friluftsløva. Difor kan alle i utgangspunktet ferdast fritt heilt inntil naustveggen.*

*I tillegg er det andre krav til brannsikring, rømnings-vegar med vidare i eit naust enn i ei hytte. Overnatting i rom utan tilstrekkelege rømningsvegar med brennbar propan og drivstoff i etasjen under er svært uheldig.*  
(<http://www.okokrim.no/skilnad-paa-naust-og-hytte.416473.no.html> )

Kommunen viser også til fagleg vurdering gjort av Riksrevisjonen si undersøking av berekraftig arealplanlegging og arealdisponering, dokument nr. 3:11(2006-2009) der det framkjem at arealutviklinga i Noreg på fleire område ikkje er berekraftig. Dette gjeld mellom anna arealbruken i strandsona, der nedbygging mange stader fører til redusert tilgjenge for allmenta. Gjennom arealplanar ynskjer ein å styre utviklinga av arealbruken, og avgrense omfanget av byggeområde i høve til behovet. Ein vil legge til rette for utvikling, men innanfor gitte rammer.

For byggeområde som er avsett i arealplanar, derunder naustområde, er det difor viktig at arealbruken blir slik som den var tiltenkt. Dersom areal vert disponert til andre føremål enn det som er fastsett i ein arealplan, til dømes til fritidsbustad i

staden for naust, vil ein kunne få eit auka press på å regulere nye areal til naustområde, for å dekke opp for behovet.

Presset på å få bygge i strandsona er stort, og vi meiner det er viktig å oppretthalde eit tydeleg skilje mellom arealføremål for oppføring av bygningar som kan nyttast til lagring og oppbevaring av båtar og utstyr (naust) og bygningar som kan nyttast til opphald og/eller overnatting (fritidsbustad). Dersom det er ynskje om å kombinere ulike arealføremål, må dette avklarast i plan.

Avvik frå arealføremålet naust til fritidsbustadar meiner administrasjonen også må avklarast gjennom lovregulert planprosess ved utarbeiding av detaljreguleringsplan for området. Planprosessen skal sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad frå alle berørte interesser og myndigheiter. Det skal i planarbeidet leggast vekt på langsiktige løysingar og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast.

Å innvilge ein dispensasjon til fritidsbustad i eit naustområde vil også vere ein uforutsigbar praksis for innbyggjarane når tiltaket avvik så vesentleg frå det som er godkjent i kommuneplanen sin arealdel.

### **Oppsummering av klagen:**

*...søker ser ikke at kommunen har begrunnet hvorfor dispensasjonen vesentlig tilsidesetter formålet.*

I «vesentleg avvik» ligg det at fritidsbustadar privatiserer strandsona i langt større grad enn eit naust og ålmenta har ikkje tilgang til strandsona på same vis. Avvik frå arealføremålet naust til fritidsbustadar meiner administrasjonen må avklarast gjennom lovregulert planprosess ved utarbeiding av detaljreguleringsplan for området. Planprosessen skal sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad frå alle berørte interesser og myndigheiter. Det skal i planarbeidet leggast vekt på langsiktige løysingar og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast.

Å innvilge ein dispensasjon til fritidsbustad i eit naustområde vil også vere ein uforutsigbar praksis for innbyggjarane når dispensasjonen for tiltak avvik så vesentleg frå det som er godkjent i kommuneplanen sin arealdel. Naboar til området vil ikkje ha føresetnad for å kunne vite eller tru at det her ville kome fritidsbustadar i eit område som er godkjent som naustføremål i arealdelen.

*I Plan- og bygningslovens kapittel 19-2 står det at ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.*

***Søker har dokumentert krav til tilgjengelighet, adkomst, strøm, vann, avløp, renovasjon, sikkerhet og har beskrevet konsekvenser for natur og friluftsliv i søknaden.***

Det vert frå søkjar her vist til pbl § 19-2, 3.ledd. Kommunen har i handsaming av dispensasjonssaker først handsama klagen etter § 19-2, 2.ledd som seier følgjande: *Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt.*

Avslaget er gitt etter 2.ledd og saka er såleis ikkje vurdert etter 3.ledd i lovteksten. Dokumentasjon på tilgjengelighet, adkomst, strøm, vann, avløp, renovasjon, sikkerhet og konsekvensar for natur og friluftsliv er såleis ikkje relevant for sakshandsaminga og vedtaket som er gjort.

*I avslaget konklusjon henvises det til: «Planavdelinga i Herøy kommune har i tidligare møter med søker signalisert at for å gi løyve til oppføring av rorbuer må det først utarbeidast ein reguleringsplan for området.» Kommunen har ikke påpekt hvilke konsekvenser som eventuelt kan vurderes bedre i en reguleringsplan for den ferdig planerte tomten. Søker mener det er uhensiktsmessig å utarbeide reguleringsplan for et ferdig planert areal på ca 400 m<sup>2</sup> når konsekvensene for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelig er tilstrekkelig dokumentert og mener derfor at krav om regulering ikke kan hevdes fra kommunen.*

Kommunen er ikkje samd i denne vurderinga frå søker. Søker har i denne saka fått løyve til utfylling og planering av tomt til naust i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Ein dispensasjon og oppføring av fritidsbustadar vil, med henvisning til vurderingar gjort ovanfor, vere ei vesentleg endring og tiltaket vil privatisere strandsona i langt større grad enn det som var førespegla i søknad om utfylling med sikte på etablering av naust. Utarbeiding av reguleringsplan vil sørge for at arealbruken vert godkjent gjennom ein open og føreseieleg prosess der fleire partar vert involvert ved høyring.

*Dispensasjonsøknaden gjaldt også etablering av flytebryggeanlegg som vist på vedlagt tegning D1 datert 21.06.2017 i søknaden men avslaget omhandler ikke flytebryggeanlegget og vedlagte tegninger til søknaden er ikke returnert eller henvist til i mottatt avslag. Søker etterspør svar på denne delen av søknaden.*

I avslaget som vart gitt manglar det vedtak på søknad om dispensasjon for flytebryggeanlegg. Det burde gått fram tydeleg av vedtaket og vurderinga i saka at avslaget også gjaldt flytebryggeanlegg i tilknytning til fritidsbustad. Kommunen utelukkar likevel ikkje at det kan vere mogleg å søkje om løyve til etablering av flytebryggje i tilknytning til naust.

### **Sluttkommentar**

Denne saka er prinsipielt viktig for Herøy kommune då ein risikerer å skape presedens i framtidige dispensasjonssaker. Ved å innvilge dispensasjon for bygging av fritidsbustad i eit naustområde vil kommunen risikerer å «opne» for at også andre kan gjere det same i andre naustområder i kommunen. Uavhengig av om søker i denne saka kunne dokumentere at tiltaket ikkje ville setje til sides intensjonen og føremålet i arealplanen og at det var klart større fordelar enn ulemper ville Herøy kommune avslått søknaden av prinsipelle årsakar som nemnt over.

Herøy kommune sitt standpunkt i denne saka har vore formidla til søker gjennom oppmoding om å etablere bygg i tråd med løyve som vart gitt ved utfylling og planering

## **Konklusjon:**

Dimco AS klaga på vedtaket 16.08.2017. Klagen er levert innan lovbestemt klagefrist og klagar er part i saka. Vilkåra for å handsame saka er såleis oppfylt.

Klagen er meir utfyllande enn søknaden som var sendt inn, men etter rådmannen sin vurdering inneheld ikkje klagen nye moment som ville ført til eit anna vedtak dersom forholda vart gjort kjent før vedtaket.

Jamfør plan- og bygningslova, § 3-2, er det kommunestyret som er øvste plan- og arealbruksmynde i kommunen. Det kommunestyret som på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering avgjer korleis areala kan og skal nyttast.

Rådmannen rår til at innkomne klage ikkje vert teke til følgje og at Maritim og teknisk komite stadfestar kommunen sitt delegerte vedtak, DS 199/17.

Saka vil vidare verte sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Fosnavåg, 23.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

DIMCO AS

Skytterveien 7C  
1605 FREDRIKSTAD

## DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	FRASTE	Saksnr.	2014/798
Utvalssaksnr:	199/17	Arkiv:	76/92
		Vedtaksdato:	09.08.2017

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

### Dag Ivar Myrene 76/92 - Avslag på dispensasjonssøknad

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:*

#### Vedtak:

Utviklingsleiaren avslår dykkar søknad om dispensasjon frå føremål (AN) i kommuneplanens arealdel, jfr. Pbl § 19-2 for bygging av 3 stk. fritidsbustader.

Avslaget er grunngjeve med at ein dispensasjon frå føremålet(AN) vil i dette høvet vesentlig tilsidesette formålet i kommuneplanens arealdel.

